



Møteprotokoll

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkeshuset, Molde, møterom 700
Dato: 22.06.2026
Tid: kl 10:30 - 12:25

Faste medlemer som møtte:

Anders Riise
Anne Marie Fiksdal
Jessica Gärtner
Geir Asle Stenseth
Hans Olav Myklebust
Randi Walderhaug Frisvoll
Pål Farstad
Line Hatmosø Hoem
Geir Ove Leite
Per Ivar Lied
Jonas Maas Nilsen

Funksjon

Fylkesordfører
Fylkesvaraordfører
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem
Medlem

Representerer

H
FRP
H
FRP
FRP
KRF
V
AP
AP
SP
MDG

Forfall

Tove Henøen
Marit Aklestad

Representerer

SP
SV

Varamedlem

Finn Arne Follestad
Anders Lindbeck

Representerer

UAVH
SV

Frå sekretariatet:

Robert Løvik
seksjonsleiar

Andre som møtte på heile eller delar av møtet:	
Namn	Stilling
Toril Hovdenak	Fylkeskommunedirektør
Inger Johanne Moene	Kommunikasjonssjef
Magne Vinje	Ass samferdselsdirektør
Hilde Aspås	Næringssjef
Daq Lervik	Organisasjonssjef
Stig Helle Tautra	Avdelingssjef
Ingunn Bekken Sjøholm	Fylkesplansjef
Tone Nord	Fylkestannlege
Torgeir Haukebø	leiar for bygg- og eigedomstenestene
Gry Halvorsen	Rådgivar

Møtet vart sett med 13 medlemer.

Innkallinga vart godkjent, med følgjande protokolltilførsel frå Hans Olav Myklebust (FRP):

På grunn av eit utilgjengeleg fylkeshus med låste dører til området eg er kalla inn til møte, vert det bede om at møta i fylkesutvalet vert halde andre stadar enn på fylkeshuset.

Møta kan haldast alle andre stadar enn fylkeshuset så lenge der er tilgjenge.

Til saklista

Saklista vart godkjent.

Fylkeskommunedirektør Toril Hovdenak orienterte på slutten av møtet om det administrative bemanningsnivået i fylkeskommunen.

Saksliste

Saksnr	Sakstittel	Ikkje offentleg
SPU-	Spørsmål	
PS-57/26	Møteplan for fylkesting og fylkesutval 2027	
PS-58/26	Fullmakt til fylkesordførar og fylkeskommunedirektør - "feriefullmakt" 2026	
PS-59/26	Status bygdevekst og anna kommuneretta arbeid i fylkeskommunen	
PS-60/26	Oppretthalde motsegn - Hustadvika kommune - kommuneplanens arealdel 2025-2037	
PS-61/26	Vidare arbeid med Regional plan for Dovrefjellområdet - villrein	
PS-62/26	Høringssvar - utredning om eierskap AutoPASS kjerne og kommunikasjonslinjer	
PS-63/26	Søknad om støtte til forarbeid - nasjonalt nettverk for fergeavløsningsprosjekt	
PS-64/26	Innovasjon Norge - finansiering av ny livsvarig AFP	
PS-65/26	Driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning i 2027- formål og prioriteringar	
RS-08/26	Svar vedrørende utfordringer med rovvilttap i saueneæringen i Møre og Romsdal	

SPU Spørsmål

Fylkesutvalet 22.06.2026

Behandling

Tannklinikk, strøyming av møter og NTP, foreslått av Geir Ove Leite, Arbeiderpartiet

- 1) Viser til referatsak i fylkestinget ang, tannklinikk på Søre. Kan vi få ei kort orientering om saka og når kan saka kome til politisk behandling?
- 2) I interpellasjonen frå Mdg i fylkestinget 17.06 blei det under debatten vist til strøyming av møter. Vi har vedteke av vi skal strøyme møte og Ap lurar på når det er klart på fylkeshuset.
- 3) Ålesund kommune skal torsdag 18.06 behandle sak om ny E39 Vegsund – Breivika. Ser inne på regjeringa.no at det 23.03.2026 blei sendt eit brev til fylkeskommunane ang. «Informasjon om opplegg for ekstern prosess ifm. Nasjonal Transportplan 2029-2040» Når må kommunane kome med innspel og når må fylkestinget kome med si innstilling? Reknar med at det ikkje har klar ein tidsplan, men kan fylkeskommunedirektøren likevel gi eit signal basert på tidlegare praksis?

Spørsmål ang forslag til endringer i rute 1051 Småge–Orta–Finnøya–Sandøya–Ona., foreslått av Jessica Gärtner, Høyre

Møre og Romsdal fylkeskommune har nylig sendt ut høringsbrev ang. forslag til endringer i rute 1051 Småge–Orta–Finnøya–Sandøya–Ona.

Brevet er datert 19.06.2026.

I brevet skrives det følgende: «Bakgrunnen for forslaget er utfordringar knytt til rekruttering og bemanning av mannskap innafor regelverket for kviletid. Særleg gjeld dette rutetabellen på torsdagar og fredagar, som gjer dagens ferjerute krevjande å drifte og vanskeleg å få til å gå opp med ein skiftplan som kan gjennomførast.»

Det betyr at det foreslås en ytterligere reduksjon av «åpningstiden» i ruten.

Spørsmålene mine er derfor som følger:

1. Hvordan vurderes denne reduksjonen av åpningstiden opp mot åpningstidene skissert i inngått kontrakt?
2. Er det foretatt en vurdering av konsekvensene for innbyggerne og næringslivet som er berørt?

Høringsinnspill/-brev med frister i møtefri periode og/eller ferie, foreslått av Jessica Gärtner, Høyre

Nylig ble det sendt ut høringsbrev om forslag til endringer i fergerute 1051 Småge–Orta–Finnøya–Sandøya–Ona. Høringsbrevet er datert 19.06.2026.

Høringsfristen er satt til 31.07.2026, mens de foreslåtte ruteendringene skal tre i kraft fra 17.08.2026.

De fleste kommunene i Møre og Romsdal praktiserer møtefri periode for politiske organ fra slutten av juni til midten av august. I samme periode avvikles også hoveddelen av sommerferien for kommunalt ansatte.

Det kan derfor oppleves som uheldig at høringssaker sendes ut i perioder med møtefri og ferieavvikling, eksempelvis i sommerferien samt rundt jul og påske. Dette kan svekke muligheten for en grundig, tidsriktig og kvalitetssikret behandling av høringssakene, herunder politisk medvirkning der dette er ønskelig.

1. Er det sendt ut flere høringssaker til kommunene rett før sommerferien i år, med høringsfrist i løpet av juli eller første halvdel av august? Hvis ja, hvor mange saker gjelder dette?
2. Har fylkeskommunen vurdert rutiner for å unngå utsending av høringssaker i perioder med ferieavvikling og møtefri for politiske organ, for å sikre gode og forsvarlige behandlingsprosesser i kommunene, herunder muligheten for politisk behandling der dette er aktuelt?

Tillegg til "Spørsmål ang forslag til endringer i rute 1051 Småge–Orta–Finnøya–Sandøya–Ona", foreslått av Jessica Gärtner, Høyre

I tillegg til spørsmålene som ligger inn under "Spørsmål ang forslag til endringer i rute 1051 Småge–Orta–Finnøya–Sandøya–Ona", ønsker jeg å stille følgende spørsmål:

- 3) Hvor lenge har fylkeskommunen kjent til disse utfordringene? Har samferdselsutvalget blitt informert om dette og om forslag til endringene?
- 4) Er det vurdert andre tiltak enn å avkorte åpningstiden i samarbeidet?

Protokolltilførsel, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

På grunn av eit utilgjengeleg fylkeshus med låste dører til området eg er kalla inn til møte, vert det bede om at møta i fylkesutvalet vert halde andre stadar enn på fylkeshuset

Møta kan haldast alle andre stadar enn fylkeshuset så lenge der er tilgjenge.

Sæbø - Leknes, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Hovudferje på Leknes - Sæbø har vore på verkstad i 3 veker, er ferja snart tilbake i normal drift?

Spørsmåla blei svart ut i møte.

PS 57/26 Møteplan for fylkesting og fylkesutval 2027**Fylkesutvalet 22.06.2026****Vedtak:**

Møteplan for fylkesting og fylkesutval for 2027 blir fastsett slik det er gjort framlegg om i saksutgreiinga.

Behandling**Votering nr 1 - Votering over forslag**

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møteplan for fylkesting og fylkesutval for 2027 blir fastsett slik det er gjort framlegg om i saksutgreiinga.

PS 58/26 Fullmakt til fylkesordfører og fylkeskommunedirektør - "feriefullmakt" 2026

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

Frå og med 23. juni 2026 til og med 24. august 2026 gis fylkesordføraren mynde til, saman med fylkeskommunedirektøren, å treffe avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, jf. kommunelova § 11-8 og § 6-1 5. ledd som gjeld delegering til fylkesordføraren.

Når det gjeld fullmakt til fylkeskommunedirektøren, viser fylkesutvalet til den mynde fylkeskommunedirektøren har i medhald av kommunelova § 13-1 6. ledd.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Frå og med 23. juni 2026 til og med 24. august 2026 gis fylkesordføraren mynde til, saman med fylkeskommunedirektøren, å treffe avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, jf. kommunelova § 11-8 og § 6-1 5. ledd som gjeld delegering til fylkesordføraren.

Når det gjeld fullmakt til fylkeskommunedirektøren, viser fylkesutvalet til den mynde fylkeskommunedirektøren har i medhald av kommunelova § 13-1 6. ledd.

PS 59/26 Status bygdevekst og anna kommuneretta arbeid i fylkeskommunen

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

Fylkesutvalet tek status for arbeidet med bygdevekst og anna kommuneretta arbeid i fylkeskommunen til orientering.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkesutvalet tek status for arbeidet med bygdevekst og anna kommuneretta arbeid i fylkeskommunen til orientering.

PS 60/26 Oppretthalde motsegn - Hustadvika kommune - kommuneplanens arealdel 2025-2037

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 første ledd, trekker fylkesutvalget motsegna til Hustadvika kommune sin kommuneplan for arealdelen 2025–2037 for område FOR9, Holamyra, jf. plan- og bygningslova § 5-4.

Begrunnelse:

Fylkesutvalget legger til grunn at kommunen har gjort tilstrekkelige vurderinger av behovet for arealet og de regionale konsekvensene av utbyggingen.

Fylkesutvalget legger videre vekt på at Holamyra er et etablert nærings- og handelsområde som over lang tid har vært prioritert av kommunen for videre utvikling. Hustadvika kommune har nylig gjennomført betydelige investeringer i ny rundkjøring for å bedre trafikksikkerheten og legge til rette for videre næringsutvikling i området.

Fylkesutvalget mener at planforslaget legger til rette for videreutvikling av et eksisterende område, ikke etablering av et nytt handelsområde. Det legges også vekt på at arealbruken i ny kommuneplan samlet sett er redusert sammenlignet med tidligere godkjent kommuneplan, og at løsningen har bred lokalpolitisk forankring.

Etter en helhetlig vurdering i saken og opp mot fylkesplanen og fylkesstrategi for attraktive byer og tettsteder finner fylkesutvalget at hensynene bak innsigelsen ikke veier tyngre enn kommunens behov for å legge til rette for lokal næringsutvikling, og innsigelsen trekkes derfor.

Behandling

Motsegn trekkes, foreslått av Jessica Gärtner, Høyre

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 første ledd, trekker fylkesutvalget motsegna til Hustadvika kommune sin kommuneplan for arealdelen 2025–2037 for område FOR9, Holamyra, jf. plan- og bygningslova § 5-4.

Begrunnelse:

Fylkesutvalget legger til grunn at kommunen har gjort tilstrekkelige vurderinger av behovet for arealet og de regionale konsekvensene av utbyggingen.

Fylkesutvalget legger videre vekt på at Holamyra er et etablert nærings- og handelsområde som over lang tid har vært prioritert av kommunen for videre utvikling. Hustadvika kommune har nylig gjennomført betydelige investeringer i ny rundkjøring for å bedre trafikksikkerheten og legge til rette for videre næringsutvikling i området.

Fylkesutvalget mener at planforslaget legger til rette for videreutvikling av et eksisterende område, ikke etablering av et nytt handelsområde. Det legges også vekt på at arealbruken i ny kommuneplan samlet sett er redusert sammenlignet med tidligere godkjent kommuneplan, og at løsningen har bred lokalpolitisk forankring.

Etter en helhetlig vurdering i saken og opp mot fylkesplanen og fylkesstrategi for attraktive byer og tettsteder finner fylkesutvalget at hensynene bak innsigelsen ikke veier tyngre enn kommunens behov for å legge til rette for lokal næringsutvikling, og innsigelsen trekkes derfor.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 2 stemmer (15%) - MDG 1, SV 1

Stemmer:

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Anders Lindbeck (SV)

NF - Motsegn trekkes: 11 stemmer (85%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, SP 1, UAVH 1, V 1

Jessica Gärtner (H), Andre parti: AP, FRP, H, UAVH, KRF, SP

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til vurderinga frå fylkeskommunedirektøren og opprettheld motsegn til kommuneplanens arealdel 2025–2037 for Hustadvika kommune, med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og § 11-16.
2. Fylkesutvalet vil akseptere nytt handelsareal for plasskrevjande varer innanfor ei avgrensa storleik tilpassa eit dokumentert lokalt behov.
3. Planen sendast til mekling hos Statsforvaltaren, med heimel i plan- og bygningslova § 5-6 første ledd.

PS 61/26 Vidare arbeid med Regional plan for Dovrefjellområdet - villrein

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

Fylkesutvalet meiner vidare arbeid med Regional plan for Dovrefjellområdet (villrein) må bli delt opp på kort og lang sikt, og bør gjerast som følgjer:

1. På kort sikt: Nytte den regionale planen meir aktivt og systematisk enn i dag, og oppdatere handlingsprogrammet i tråd med nye mål og tiltak i «Stortingsmelding nr. 18 – Ein forbetra tilstand for villrein», Evalueringsrapporten «Regionalplanens betydning for villreinens leveområder», og statlege tiltaksplanar for Snøhetta og Knutshø villreinområde. Eventuelt

behov for ekstra ressursar til oppfølging av handlingsprogrammet må bli synleggjort i handlings- og økonomiplanen.

2. På lang sikt: Rullering av regional plan for Dovrefjellområdet blir løfta som tema i prosessen med ny regional planstrategi for 2028-2031. Fylkeskommunedirektøren vil i samarbeid med dei andre fylkeskommunane med felles villreinplanar prioritere og skaffe ressursar og kapasitet for å rullere Regional plan for Dovrefjellområdet.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkesutvalet meiner vidare arbeid med Regional plan for Dovrefjellområdet (villrein) må bli delt opp på kort og lang sikt, og bør gjerast som følgjer:

1. På kort sikt: Nytte den regionale planen meir aktivt og systematisk enn i dag, og oppdatere handlingsprogrammet i tråd med nye mål og tiltak i «Stortingsmelding nr. 18 – Ein forbetra tilstand for villrein», Evalueringsrapporten «Regionalplanens betydning for villreinens leveområder», og statlege tiltaksplanar for Snøhetta og Knutshø villreinområde. Eventuelt behov for ekstra ressursar til oppfølging av handlingsprogrammet må bli synleggjort i handlings- og økonomiplanen.

2. På lang sikt: Rullering av regional plan for Dovrefjellområdet blir løfta som tema i prosessen med ny regional planstrategi for 2028-2031. Fylkeskommunedirektøren vil i samarbeid med dei andre fylkeskommunane med felles villreinplanar prioritere og skaffe ressursar og kapasitet for å rullere Regional plan for Dovrefjellområdet.

PS 62/26 Høringssvar - utredning om eierskap AutoPASS kjerne og kommunikasjonslinjer

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår alternativ A1, der eigarskap og forvaltning av AutoPASS kjerne vert overført til dei regionale bompengeselskapa, organisert gjennom eit felleseigd selskap
2. Fylkeskommunen legg til grunn at AutoPASS kjerne primært er ein operativ og kritisk del av bompengeinnkrevjinga. Alternativ A1 er vurdert å vere best i samsvar med bompengereformen si rollefordeling mellom bompengeselskapa sitt operative ansvar og Statens vegvesen si mynde- og styringsrolle
3. Som garantist, eigar og oppdragsgjevar legg fylkeskommunen særleg vekt på inntektssikring, kostnadskontroll og effektiv innkrevjing. Ansvar, kostnader, styring og risiko bør derfor i størst mogleg grad samlast hos eller nær dei aktørane som har det operative ansvaret og den økonomiske risikoen. Dette understøttar også at bompengeinntekter ikkje skal nyttast til andre føremål enn vedtekne bompengeprosjekt
4. Fylkeskommunen legg til grunn at statens behov for trafikkdata, nasjonal samordning, tryggleik og beredskap kan ivaretakast gjennom statens myndigheits-, regelverks- og tilsynsrolle, samt gjennom krav til datadeling
5. Ei overføring etter alternativ A1 føreset forsvarleg handtering av gjennomføring, kompetanse, leverandørstyring og tryggleik
6. Dersom Statens vegvesen likevel får tildelt eigarskap og forvaltning etter alternativ A0+, føreset fylkeskommunen at bompengeselskapa blir sikra innflytelse gjennom formaliserte styrings- og medverknadsmekanismar knytta til forvaltning, kostnader, prioriteringar, vidareutvikling og gevinstrealisering. Det bør også leggjast til rette for at relevante delkomponentar kan overførast ved framtidige anskaffelsar.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune tilrår alternativ A1, der eigarskap og forvaltning av AutoPASS kjerne vert overført til dei regionale bompengeselskapa, organisert gjennom eit felleseigd selskap
2. Fylkeskommunen legg til grunn at AutoPASS kjerne primært er ein operativ og kritisk del av bompenginnskrevjinga. Alternativ A1 er vurdert å vere best i samsvar med bompengereformen si rollefordeling mellom bompengeselskapa sitt operative ansvar og Statens vegvesen si mynde- og styringsrolle
3. Som garantist, eigar og oppdragsgjevar legg fylkeskommunen særleg vekt på inntektssikring, kostnadskontroll og effektiv innkrevjing. Ansvar, kostnader, styring og risiko bør derfor i størst mogleg grad samlast hos eller nær dei aktørane som har det operative ansvaret og den økonomiske risikoen. Dette understøttar også at bompenginntekter ikkje skal nyttast til andre føremål enn vedtekne bompengeprojekt
4. Fylkeskommunen legg til grunn at statens behov for trafikkdata, nasjonal samordning, tryggleik og beredskap kan ivaretakast gjennom statens myndigheits-, regelverks- og tilsynsrolle, samt gjennom krav til datadeling
5. Ei overføring etter alternativ A1 føreset forsvarleg handtering av gjennomføring, kompetanse, leverandørstyring og tryggleik
6. Dersom Statens vegvesen likevel får tildelt eigarskap og forvaltning etter alternativ A0+, føreset fylkeskommunen at bompengeselskapa blir sikra innflytelse gjennom formaliserte styrings- og medverknadsmekanismar knytta til forvaltning, kostnader, prioriteringar, vidareutvikling og gevinstrealisering. Det bør også leggjast til rette for at relevante delkomponentar kan overførast ved framtidige anskaffelsar.

PS 63/26 Søknad om støtte til forarbeid - nasjonalt nettverk for fergeavløsningsprosjekt

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

Todalsfjordprosjektet AS får inntil kr 125 000 i støtte for forarbeid knytt til etablering av nasjonalt nettverk for styrking av rammevilkår for fylkeskommunale ferjeavløsningsprosjekt. Inndekning Fylkesutvalet sin reservepost.

Fylkesutvalget ber om en løypemelding på hvordan arbeidet i det nasjonale nettverket går

Behandling

Avslå søknaden, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Søknaden fra Todalsfjordprosjektet AS om støtte til forarbeid knyttet til etablering av et nasjonalt nettverk for fergeavløsningsprosjekter avslås.

Fylkeskommunen har begrensede økonomiske midler og disse må prioriteres strengt. Det er store behov innen blant annet skole, kollektivtransport og vedlikehold av fylkesveinettet, og all bruk av midler må vurderes opp mot alternativ bruk. Fylkesutvalget finner på bakgrunn av dette ikke rom for å prioritere støtte til dette forarbeidet nå.

Søknad blir innvilga, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Todalsfjordprosjektet AS får inntil kr 147.350 i støtte for forarbeid knytt til etablering av nasjonalt nettverk for styrking av rammevilkår for fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekt. Inndekning Fylkesutvalet sin reservepost.

Forslaget blei seinare trekt.

Løypemelding, foreslått av Line Hatmosø Hoem, Arbeiderpartiet

Fylkesutvalget ber om en løypemelding på hvordan arbeidet i det nasjonale nettverket går

Søknad innvilga, foreslått av Randi Walderhaug Frisvoll, Kristelig Folkeparti

Todalsfjordprosjektet AS får inntil kr 125 000 i støtte for forarbeid knytt til etablering av nasjonalt nettverk for styrking av rammevilkår for fylkeskommunale ferjeavløysingsprosjekt. Inndekning Fylkesutvalet sin reservepost.

Hans Olav Myklebust (FRP) fremma spørsmål om sin habilitet som medlem i arbeidsgruppa for Todalsfjordprosjektet. Han gjekk frå under behandlinga.

Myklebust blei samrøystes kjent inhabil jf forvaltningsloven § 6 andre ledd - 12 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

NF - Avslå søknaden: 1 stemme (8%) - MDG 1

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Stemmer:

Jonas Maas Nilsen (MDG)

NF - Søknad innvilga: 11 stemmer (92%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1
Randi Walderhaug Frisvoll (KRF), Andre parti: AP, FRP, H, KRF, SP, UAVH, V

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Løypemelding**

Line Hatmosø Hoem (AP)

For: 12 stemmer (100%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka utan innstilling.

PS 64/26 Innovasjon Norge - finansiering av ny livsvarig AFP

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

Fylkesutvalet vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:

1. Investeringsbudsjett

(i heile tusen)

Tiltak	Auka utgift / red. inntekt	Red. utgift / auka inntekt
Auke sentrale postar - kjøp av aksjar og andelar	1 921	
Auke bruk av ubundne investeringsfond		1 921
SUM	1 921	1 921

2. Vedtak er gjort med heimel i kommunelova § 11-8, første ledd (hastesaker)

Behandling

Hans Olav Myklebust (FRP) tok sete igjen 13 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkesutvalet vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:

1. Investeringsbudsjett

(i heile tusen)

Tiltak	Auka utgift / red. inntekt	Red. utgift / auka inntekt
Auke sentrale postar - kjøp av aksjar og andelar	1 921	
Auke bruk av ubundne investeringsfond		1 921
SUM	1 921	1 921

2. Vedtak er gjort med heimel i kommunelova § 11-8, første ledd (hastesaker)

PS 65/26 Driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning i 2027- formål og prioriteringar

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune skal forvalte tilskotsordninga for driftstilskot til fagskolar i tråd med nye nasjonale retningslinjer, med overgang til rammetildeling frå og med budsjettåret 2027.
2. Formålet med driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning skal vere å møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse i Møre og Romsdal.
3. Utdanningar innan følgjande fagområde vert prioriterte for oppstart hausten 2027 (i tilfeldig rekkefølge):
 - helse- og velferdsfag
 - tekniske fag
 - maritime fag
 - tryggleik og beredskap

Fylkeskommunedirektøren får mynde til å tildele driftstilskot til andre fagområde enn dei som er omtalte dersom samfunnsmessige endringar skulle tilseie det.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune vil prioritere fagskolar som er fysisk til stades i Møre og Romsdal, som bidreg til jamleg kontakt og dialog med arbeidslivet om kompetansebehov, og som tilbyr fleksible og desentraliserte tilbod.
5. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fastsette særskilde vilkår i tilskotsbrev til den enkelte fagskole, i tråd med nasjonale føringar og regionale planar og strategiar.
6. Ved fordeling av tilskot skal det takast omsyn til dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet og skilnader i kostnadsnivå mellom ulike utdanningstilbod.

Behandling

Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling, foreslått av Toril Hovdenak,

1. Møre og Romsdal fylkeskommune skal forvalte tilskotsordninga for driftstilskot til fagskolar i tråd med nye nasjonale retningslinjer, med overgang til rammetildeling frå og med budsjettåret 2027.

2. Formålet med driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning skal vere å møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse i Møre og Romsdal.

3. Utdanningar innan følgjande fagområde vert prioriterte for oppstart hausten 2027 (i tilfeldig rekkefølge):

- helse- og velferdsfag
- tekniske fag
- maritime fag
- tryggleik og beredskap

Fylkeskommunedirektøren får mynde til å tildele driftstilskot til andre fagområde enn dei som er omtalte dersom samfunnsmessige endringar skulle tilseie det.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune vil prioritere fagskolar som er fysisk til stades i Møre og Romsdal, som bidreg til jamleg kontakt og dialog med arbeidslivet om kompetansebehov, og som tilbyr fleksible og desentraliserte tilbod.

5. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fastsette særskilde vilkår i tilskotsbrev til den enkelte fagskole, i tråd med nasjonale føringar og regionale planar og strategiar.

6. Ved fordeling av tilskot skal det takast omsyn til dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet og skilnader i kostnadsnivå mellom ulike utdanningstilbod.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Fylkeskommunedirektøren sin merknad og innstilling**

Toril Hovdenak

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 1, SV 1, UAVH 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune skal forvalte tilskotsordninga for driftstilskot til fagskolar i tråd med nye nasjonale retningslinjer, med overgang til rammetildeling frå og med budsjettåret 2027.

2. Formålet med driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning skal vere å møte arbeidslivet sitt behov for kompetanse i Møre og Romsdal.

3. Utdanningar innan følgjande fagområde vert prioriterte for oppstart hausten 2027 (i tilfeldig rekkefølge):

- helse- og velferdsfag
- tekniske fag
- maritime fag
- tryggleik og beredskap

Fylkeskommunedirektøren får mynde til å tildele driftstilskot til andre fagområde enn dei som er omtalte dersom samfunnsmessige endringar skulle tilseie det.

4. Møre og Romsdal fylkeskommune vil prioritere fagskolar som er fysisk til stades i Møre og Romsdal, som bidreg til jamleg kontakt og dialog med arbeidslivet om kompetansebehov, og som tilbyr fleksible og desentraliserte tilbod.

5. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fastsette særskilde vilkår i tilskotsbrev til den enkelte fagskole, i tråd med nasjonale føringar og regionale planar og strategiar.

6. Ved fordeling av tilskot skal det takast omsyn til dokumenterte kompetansebehov i arbeidslivet og skilnader i kostnadsnivå mellom ulike utdanningstilbod.

RS 08/26 Svar vedrørende utfordringer med rovvilttap i saueneæringen i Møre og Romsdal

Fylkesutvalet 22.06.2026

Behandling

Utvalet tok saka til orientering.

GP Godkjenning av protokoll

Fylkesutvalet 22.06.2026

Vedtak

Utvalet gikk gjennom protokollen som vart samrøystes godkjend i møte